



# VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I SELJE KOMMUNE

Gjeld frå og med barnehageåret 2016-2017: KS-028/16

## VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I SELJE KOMMUNE

Gjeld frå og med barnehageåret 2016-2017: KS-028/16

### PARAGRAF 1: EIGARTILHØVE

Selje kommune eig og driv barnehagane.

Barnehagane i Selje er pedagogiske verksemder som vert drivne i samsvar med:

- Lov om barnehagar av 17. juni 2005 med tilhøyrande forskrifter
- Rammeplan for barnehagen
- Vedtektene for dei kommunale barnehagane i Selje
- Kommunale vedtak som t.d. budsjett, instruksar m.m.
- Årsplanen til barnehagen

### PARAGRAF 2: FØREMÅL

(§ 1 – Barnehagelova)

*”Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta dei behov barn har for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdier som kjem til uttrykk i ulike relegionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.*

*Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrang. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og dugleikar. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnadar.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndomen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling, og motarbeide alle former for diskriminering.”*

Aktivitetane i barnehagen skal ta utgangspunkt i rammeplanen for barnehagar .

### PARAGRAF 3: OPPTAK AV BARN

Det er eitt hovudopptak i året. Søknadsfrist 1. mars med kunngjering på heimesida og i lokalavisa. Alle nye som ynskjer plass for neste barnehageår, må søkje innan denne fristen . Dei som ønskjer auka plass eller andre endringar, søkjer også til denne fristen. Det *kan* gjerast supplerande opptak gjennom året, til dømes ved særskilte tilhøve\* og om økonomi og bemanningssituasjon gjev rom for det. Opptaket er samordna mellom barnehagane i kommunen, jf. Lov om barnehager § 12 og føresegn om sakshandsamingsreglar ved opptak i barnehage. Kommunen er opptakskrins. Det er styrarane i dei einskilte barnehagane som gjer opptak.

Søknad om endring av barnehageplass vert å handsame på same måte som nye søknadar.

Det er høve til å søkje slik plass:

3, 4 eller 5 dagar/ veke à 9 timar

Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av oktober det året det vert søkt om barnehageplass for, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå den månaden dei fyller eitt år, jfr Lov om barnehager § 12a og Høring av endringer i barnehageloven – kortere ventetid på barnehageplass - gjeldande ved opptak frå hausten 2016.

\*Særskilte tilhøve:

Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal gjerast ei sakkunnig vurdering for å vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne.

Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barneverntenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage.

Barn med trong for særskilt språkstimulering/ språkopplæring skal ha prioritet ved opptak i barnehage i Selje kommune. Kommunen skal kartleggje kva dugleik barnet har i språk før prioritering ved opptak.

Kommunen har ansvaret for at barn med rett til prioritet, får plass i barnehage (Lov om barnehagar §13)

#### **PARAGRAF 4: OPNINGSTID - TILBOD**

1. Barnehagane har fylgjande tilbod:  
5, 4 eller 3 dagar pr. veke  
Opphaldstid: Klokka 07.30 – 16.30.
2. Det vert årleg utarbeidd eiga barnehagerute der dei 5 lovpålagde planleggingsdagane og dei 4 sommarferievekene vert fastlagde. Barnehagane vert alltid stengde julaftan og nyttårsaftan.
3. Ferie:  
Alle barnehagebarn skal ha 3 veker samanhangande sommarferie. Barnehagen kan vere stengd i 4 veker dersom økonomiske høve tilseier det.
4. Desse dagane er barnehagane opne berre ved påmelding:  
Romjula, onsdag før skjærtorsdag (til 12.00) og i påskeveka.  
*Påmelding innan 2 veker før ferien startar.*  
Barnehagen vert stengt om det er færre enn 5 barn påmelde/ dag.  
  
Andre dagar (knytt til feriar) der det erfaringsmessig er redusert barnetal, kan barnehagen føreta ei påmelding for å tilpasse bemanninga.
5. Barn som ufrivillig står utan tilbod i romjula vil få høvesvis reduksjon i betalingssats.

## **PARAGRAF 5: FORELDREBETALING**

Kommunestyret fastset opphaldstider og satsar for foreldrebetaling og gebyr i tråd med gjeldande vedtak i Stortinget og i henhold til forskrift om foreldrebetaling. Satsane kan endrast pr. 01.01. og 01.08.

Foreldre/føresette betaler for 11 månader i året. Juli er betalingsfri måned.

Foreldre/føresette betaler fullt ut for den plass barnet har fått tildelt. Plassen er bindande for kvart halvår.

Dispensasjon frå ovannemnde kan innvilgast dersom barnet flyttar frå kommunen eller ved alvorlege helsemessige tilhøve med barnet – fråvær over 3 mnd. Slik dispensasjon kan gjevast av styrar i den einskilde barnehagen med oppseiingstid på 1 - ein - måned.

Betaling skal skje innan fastsett betalingsfrist. Betalinga blir kravd inn kvar måned. Ved manglande betaling, misser barnet plassen dersom det ikkje er betalt innan purringsfrist. Kommunen vil likevel krevje inn pengane. Ved for sein eller manglande betaling gjeld lov om renter ved forseinka betaling av 17.12.76 nr. 100, samt inkassolova av 13.05.88 nr. 26 med forskrift fastsett i kgl. res. av 14.07.89, tvangsfullbyrdsloven av 26.06.92 og endringslov til tvangsfullbyrdsloven mv. av 17.06.05, og tilsvarende forskrifter. Vedtak etter 2. og 3. avsnitt kan påklagast (§§§ 27, 28 og 29 i Forvaltningslova). Formannskapet er klageinstans.

### **SYSKJENMODERASJON:**

\*Full pris for det barnet som har det dyraste tilbodet.

\*30% moderasjon for barn nummer to.

\*50% moderasjon for dei øvrige barna.

Moderasjonen gjeld sjølv om barna er i ulike barnehagar i kommunen.

### **GEBYR VED FOR SEIN HENTING:**

Barnehagen stengjer kl. 16.30, og barn med foreldre skal vere ute av dørene då.

Dersom barna blir henta etter fastsett tid, skal dette straks takast opp med foreldra og foreldra skal ileggjast eit gebyr pr. gong – noko dei skal ha melding om.

Gebyr ved for seint henta barn pr påbyrja halvtime kr. 500.-

## **PARAGRAF 6 : OPPSEIING AV Plass/ DELAR AV Plass**

For vårhalvåret: Oppseiingsfrist 1. november.

For neste bhg.år: Oppseiingsfrist 1. mai.

Skriftleg oppseiing sendast styrar i barnehagen. Ved særlege tilhøve kan styrar godta oppseiing av plass før/ etter fristane – jamf. § 5.

## **PARAGRAF 7: FORELDRE RÅD OG SAMARBEIDSUTVAL**

### **Foreldreråd**

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd der foreldra/føresette til alle barna i barnehagen er medlemmer. Styraren i barnehagen syter for at det vert kalla inn til det første møtet i kvart barnehageår.

Det vert halde 2 foreldremøte i året – foreldrerådsmøta er gjerne knytt opp mot desse møta. Det er viktig og avgjerande for samarbeidet at alle foreldre møter på foreldremøte.

### **Samarbeidsutval**

Kvar barnehage skal ha eit samarbeidsutval samansett av

- 2 representantar for foreldra/føresette, valde av foreldrerådet for 1 år
- 2 representantar for dei tilsette, valde av personalet for 1 år
- 1 representant for kommunen, vald av Formannskapet for 4 år.
- Styrar er sekretær i samarbeidsutvalet – utan stemmerett.

Kommunen kan bestemme at det skal vere felles samarbeidsutval for barnehage og skule.

## **PARAGRAF 8: INTERNKONTROLL**

Barnehagen har utarbeidd dokumentasjon etter fastsett forskrift om internkontroll i høve til:

- Lov om miljøretta helsevern i barnehagar og skular
- Lov om arbeidsmiljø
- Brannvernlov
- Lov om produktkontroll.

Dokumentasjonen omfattar mål, rutinar og prosedyrar for å ivareta helse, miljø og tryggleik.

## **PARAGRAF 9: AREALUTNYTTING**

Netto leike- og opphaldsareal inne er 4 kvm. pr. barn over 3 år og 5,3 kvm. pr. barn under 3 år.

Leike- og opphaldsareal ute må minst vere på 24 kvm. pr. barn.

Med netto leike- og opphaldsareal meiner ein det areal som faktisk står til rådvelde for barna sine aktivitetar.

## **PARAGRAF 10 : ENDRING AV VEDTEKTENE**

Kommunestyret eller det organet som kommunestyret delegerer myndet til, godkjenner vedtektene for barnehagane i Selje og avgjer eventuelle tvistar kva gjeld tolking av vedtektene. Ved omfattande revisjonar skal desse sendast ut til høyring i barnehagane før endeleg vedtak blir gjort. Reviderte vedtekter vert gjort gjeldande for alle etter at dei er politisk godkjende – også for dei som tidlegare har fått fast plass.